



Fylkesmannen i Oppland

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Deres referanse
Vår referanse 2010/8716-0 462.0 ALU
Saksbehandler Asbjørn Lund, tlf. 61 26 60 40

Dato 16.03.2011

Høring om NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring - Høringsfråsegn

Vi viser til brev frå Miljøverndepartementet med oversending av *NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring* til høring. Fylkesmannen i Oppland ser den offentlege utgreiinga som eit godt grunnlag for vidare arbeid med klimatilpassing innafor ulike samfunnssektorar. Rapporten gir god innsikt i kva slags klimaendringar samfunnet står overfor, kva konsekvensar klimaendringane kan få for ulike sektorar og samfunnsområde, og korleis vi best kan møte desse utfordringane. Våre merknader er knytt til utvalet sine hovudkonklusjonar og tilrådingar.

Fylkesmannen tilrår at arbeidet vert vidareført til ei stortingsmelding.

Generelt

Det er eit politisk mål at den globale gjennomsnittstemperaturen ikkje skal auke med meir enn to grader. Utvalet tilrår at tilpassingsarbeidet legg til grunn at temperaturen kan komme til å auke med meir enn to grader. Dette er relevant ut frå uvissa som er knytt til framtidige klimaendringar. Fylkesmannen ser det som viktig at ein samstundes forsterkar innsatsen for betydelege utsleppskutt med sikte på å nå to-gradersmålet.

Fylkesmannen er samd i dei tre hovudprinsippa for klimatilpassing som utvalet tilrår. Det må vere grunnleggjande for tilpassingsarbeidet at ein legg til grunn ei heilskapleg og økosystembasert tilnærming og at klimatilpassing må integrerast i den ordinære samfunnsplanlegginga.

Studien påpeiker at Miljøverndepartementet si koordinering må styrkjast ved at sekretariatet for den praktiske koordineringa av tilpassingspolitikken blir etablert som ein permanent funksjon med auka kapasitet og ressursar. Fylkesmannen tilrår at sekretariatet vert lagt til ein eksisterande organisasjon.

Plansystemet

Utvalet har peikt ut styrking av plansystemet som det viktigaste grepet for å tilpasse samfunnet til eit klima i endring. Utvalet tilrår at omsynet til klimatilpassing blir innarbeidd i ny forskrift til plan- og bygningslova, og at kommunane blir tilført øyremerkte midlar for å styrkje plankapasitet og plankompetanse slik at klimatilpassing kan integrerast i arealplanlegginga.

Fylkesmannen meiner at øyremerking av midlar ikkje er tilrådeleg. Eit alternativ kan vera ei overgangsordning med øyremerking av midlar i ein periode på til dømes tre år.

Fylkesmannen ser styrking av areal- og samfunnsplanlegginga som eit svært viktig verkemiddel for å få ei systematisk oppfølging av klimaarbeidet. På dette feltet må ein sjå klimatilpassing og arbeidet for reduserte klimagassutslepp i samanheng. Det bør vurderast å samordne ev. ny forskrift til plan- og bygningslova med eksisterande *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene* til ei felles forskrift med tydelege føringar for kommunal planlegging. Fylkesmannen ser behov for å styrkje kapasitet og kompetanse i kommunane både når det gjeld klimatilpassing og klima- og energiplanlegging.

Kompetanse

I utvalet si tilråding heiter det og at på regionalt nivå bør Fylkesmannen styrkjast for å kunne vareta tilsynsfunksjonen og styrkje rettleiingskapasiteten.

Vi støttar utvalet si vurdering og tilrår at Fylkesmannen får ei tydeleg rolle i arbeidet med klimatilpassing som del av den nasjonale klimapolitikken. Formidling av statleg politikk og oppfølging av kommunane gjennom råd, rettleiing og tilsyn, høyrer inn under Fylkesmannen sine oppgåver i dag. Styrking av Fylkesmannen sin kapasitet innan rettleiing og tilsyn på klimaområdet, vil vere i tråd med vår funksjon, men vil samstundes krevje oppbygging av kompetanse og omdisponering eller tilføring av ressursar.

For å auke kompetansen i forvaltninga tilrår utvalet mellom anna at opplæringstilbodet for kommunar og andre myndighetsnivå blir styrkt og utvida med fire regionale kompetansesenter.

Fylkesmannen støttar ikkje dette. Vi meiner det er meir naturleg å styrke Fylkesmannen for å kunna vareta opplæringstilbodet til kommunane. Ei slik styrking må sjåast i samanhang med styrking av Fylkesmannens kapasitet innan rettleiing og tilsyn.

Naturmiljø

For å redusere naturmiljøet si sårbarheit for klimaendringar tilrår utvalet ei rekke tiltak innanfor kartlegging og overvaking, forskingsbasert kunnskapsutvikling og forvaltning. I tillegg til momenta som er framheva av utvalet, vil Fylkesmannen peike på verdien av god vassforvaltning der mellom anna sikring av våtmarksområde og intakte vassdragsmiljø kan ha ein viktig funksjon i høve til flaumdemping. Det er også viktig å styre utbygging unna framtidige flomutsette område for å unngå press på vassdragsinngrep for å sikre mot flaum.

Samfunnstryggleik og beredskap

Fylkesmannen støttar utvalet sine tilrådingar for å styrkje tilpassinga til klimaendringane innanfor sektoren samfunnstryggleik og beredskap. Vi er samde i behovet for ei enda betre samordning mellom myndighetsorgana på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Klimaendringane forsterkar enda meir behovet for ei betre samordning på alle forvaltningsnivå. Vi meiner at styrking av plansystemet er det viktigaste grepet i klimatilpassingsarbeidet for å skape trygge og robuste kommunar. I denne samanhang vil Fylkesmannen tilrå arbeidet med ei forskrift til § 4-3 *Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse* i plan- og bygningslova med omsyn til klimatilpassing vert framskynda.

Vatn og avløp

I utvalet sine tilrådingar saknar vi omtale av naturbaserte løysingar for handtering av overvatn. Særleg i by- og tettstadsområde kan sikring av våtmarker og grøntdrag og restaurering av opne vassvegar vere viktige tiltak for å bidra til magasinering og fordrøyning av overvatnet slik at ein unngår eller reduserer faren for urban flaum.


Kraftforsyning

Utvalet tilrår at kraftnæringa bør vurdere behovet for investeringar i ulike delar av kraftanlegga for å optimalisere potensialet i auka tilsig. Fylkesmannen vil påpeike at auka tilsig i vassdrag som følgje av auka årsnedbør, er ein ressurs som også må kome naturen til gode. Auka kraftproduksjon i regulerte vassdrag må vurderast opp mot auka minstevassføring for å betre miljøtilhøva jf. prinsippet om økosystembasert tilnærming i klimatilpassingsarbeidet. Potensialet for auka effektkøyring ved auka tilsig eller endra tilsigsmønster, må vegast opp mot skadeverknader dette kan medføre på vassdragsnaturen. Planer for opprusting/utviding av eksisterande kraftverk og behov for modernisering av manøvreringsrestriksjonar i konsesjonsvilkåra, bør integrerast i forvaltningsplanlegging etter *vannforskriften* jf. EUs vassdirektiv.

Avfall og forureining

Fylkesmannen støttar utvalet si vurdering av behovet for meir kunnskap om samhengane mellom klimaendringar, forureining og påverknader for natur og samfunn. Auka nedbørsmengder gir raskare utvasking av miljøgifter i avfallsdeponia, og auka fare for at forureina sigevatn vil gå i overløp. Faren for forureining frå nedlagte avfallsdeponi vil også bli forsterka. Løysingar for effektiv oppsamling og reinsing bør derfor utgreiast. Fylkesmannen har alt i dag ei viktig rolle i oppfølginga av avfallssektoren og industri gjennom rettleiing og tilsyn, men kapasiteten på desse områda bør styrkast.


Kristin Hille Valla


Asbjørn Lund
stabssjef